

Anders Kaliff & Julia Mattes

*Tempel och kulthus i det forna Skandinavien. Myter och arkeologiska fakta.*

Stockholm: Carlsson, 2017. 219 s.

I forskinga på gammalnordisk religion har det vore ein lang debatt om kulthus. Utøva folk i førkristen tid religionen sin berre i friluft, eller hadde dei kulthus? Var det i så fall spesialiserte kulthus, eller var det hallbygningar som òg hadde ein kultisk funksjon eller ein kultisk del? Når mellomalderlitteraturen skildrar kulthus som har fellestrekk med kyrkjer – fanst dei, eller er det berre noko høgmellomalderskrivarane projiserte frå si eiga samtid? I denne boka prøver Anders Kaliff, professor i arkeologi ved Uppsala Universitet, og Julia Mattes, doktor i arkeologi ved Ruhr-Universität Bochum i Tyskland, å svara på desse spørsmåla med det nye, store materialet religionsarkeologien har framskaffa dei siste tiåra – i ei populær framstilling som m.a. bygger på Mattes si doktoravhandling om temaet frå 2008 (Frühe Kultbauten).

Boka er delt i 19 kapittel, der kulthusdebatten, særleg når det gjeld vikingtida, og særleg debatten om Adam av Bremens skildring av Uppsala-tempelet – ramar inn resten av stoffet. Forfattarane opnar med å skissere korleis pendelen har svinga frå naiv tillit til mellomaldertekstane sine skildringar av kulthus, til bastant avvising av dei frå midten av 1900-talet av, og så gradvis større tillit frå 1990-talet av.

Deretter kjem eit kapittel om kulthus kringom i verda med hovudsakeleg fokus på etniske religionar vi kjenner frå etnografiske granskingar, særleg i Sørøst-Asia og Oseania. Som forfattarane peikar på, vil etnografiske analogiar alltid vera usikre, men

.. Ingen tolkning sker utifrån intet [...] Om vi inte medvetet studerar goda jämförelser som inspiration till tolkningar, är det stor risk att vi istället omedvetet använder vår egen tid och miljö som utgångspunkt (s. 52).

Dette kapitlet er noko springande, men innhaldet er svært interessant. Mellom anna er det enorme spennet i både type og bruk av kulthus ei nyttig påminning, i ein del av verda der kristne kyrkjer er viktigaste tolkingsbakgrunn.

Så kjem eit kapittel med ei nokså filosofisk drøfting av kjeldekritikk og tolkingsbakgrunn. Forfattarane viser korleis etterkrigstidas uvilje mot kultiske tolkingar av arkeologiske funn, slett ikkje var "förutsättningslös", men i røynda "en avspegling av 1900-talets sekulära strömningar". Ein gløymde at "sekularism var en dittills unik företeelse i världshistorien". Forfattarane peikar på at sjølv om forskarane fram til midten av 1900-talet var for ukritiske til kjeldene, er det ingen rimeleg grunn til å vera meir kritisk til kultiske tolkingar enn til andre tolkingar. Religiøs tru og praksis har vore viktige innslag i alle kjende samfunn, og bør derfor vera reflektert i materialet på lik linje med annan menneskeleg aktivitet (s. 68-69).

Så går Kaliff og Mattes gjennom dei arkeologisk funne hustuftene i Skandinavia som "höjd över normala tvivel" i dag kan reknast som kultbygningar. Ifølgje forfattarane dreiar det seg om oppimot tretti slike i tidsrommet, frå yngre steinalder og fram til kristninga (s. 70). Dette bygger m.a. på Mattes si doktoravhandling, der ho systematisk vurderer kandidatane mot ei liste av oppsette kriterium før ho konkluderer.

Desse vurderingane skulle eg gjerne sett meir av også i den populære boka. Her legg forfattarane vekt på berre å presentere dei bygningane dei er komne fram til, utan å eksplisitt rekne opp grunnane til at akkurat dette eller dette funnet kom med på lista. Desse kriteria er heile boka avhengig av. Difor er det problematisk, at dei ikkje kjem tydeleg fram. Likevel går det fram, indirekte (m.a. s. 42, 94, 116, 140): Fosfatkonsentrasjonar vitnar om at mykje blod har runne ut i grunnen, ein har funne små metallfigurar eller gullblekker i samband med husa, og mengder av skjorbrend stein frå kokegroper, som arkeologane no set i samband med festmåltid; kanskje med brende menneskebein innblanda; det er steinrader i geometriske mønster, eller nye, påfylde lag som forseglar systematisk øydelagde bygningsrestar i kontekst av slikt eg no har rekna opp – sånt gjer ein ofte med kulthus når dei har gjort tenesta si, ser vi av etnografiske analogiar (s. 136) – osv. Eller, eigentleg: Det er summen av slike ting som gjer utslaget for vurderinga. I denne delen av materialgjennomgåinga går forfattarane òg inn på skålgroper (den enklaste typen helleristing) og klangsteinar som er funne i tilknytning til bygningane.

Etter dette tek forfattarane opp moglege kultbygningar frå vikingtida, som er dei dett knyter seg størst allmenn interesse til, sidan det er ei tid vi har skriftkjelder til, med forteljingar om namngjevne personar og namngjevne stader. Etter Olaf Olsens ”Hørg, hov og kirke” frå 1966 vart det rådande synet at det var dei store hallbygningane til hovdingane som i vikingtida vart brukte til kult. Dei hadde ein slik funksjon, det har gått tydeleg fram når ein har grave ut slike bygningar og m.a. funne deponi av gullblekker, amulettar og gullfigurar, som på Borg i Lofoten samt Lejre, Gudme og Tissø på Sjælland. Men kjeldene skildrar òg små, spesialiserte kultbygningar. Dei klåraste døma er kultbygningen i Uppsala, skildra av Adam av Bremen på 1070-talet, og den til Torolv Mostrarskjegg på Island ikring 900, skildra i Eyrbyggja saga frå 1200-talet. Soga seier at Torolv let bygge eit hof, altså ein kultbygning, som var stort, tydelegvis ein hallbygning. Men så står det at det på eine langsida var eit tilbygg (afhús), der det var gudebilete, høgsetestolpar med ”gudenaglar” i (reginnaglar) og eit slag altar med ein svær ring til å sverja eidar på, og ein bolle med offerblod, m.m. Dette rommet var heilagare enn resten av bygningen, står det. Mellom anna slike små bygningar (tilbygg) var det dei fleste forskarane i den hyperkritiske perioden avviste, men no har altså arkeologane funne ein heil del av dei:

På Borg i Östergötland vart det på 1990-talet attmed ein stormanshall funne ein liten bygning frå 550-800, på 5,5 x 7 m, med m.a. ”100 så kallade amuletringar av järn [...] det vill säga decimeterstora järnringar med smidda hängande symboler” og eit slag altar i ein annan del av bygningen. Tolkinga blir styrkt av at mellomalderkyrkja vart bygd nokre titals meter borte (s. 142). Vi veit at kyrkjer ofte vart bygd på eller ved førkristne kultstader som ledd i strategien for religionsskifte. På Sanda i Uppland vart det i same periode gjort eit liknande funn, i liknande miljø, og likeins på Järrestad i Skåne, Tissø på Sjælland og Gudme på Fyn. I alle tilfella er yngre jernalder bruksperioden (til dels òg eldre jernalder), og dei svært sannsynlege, små kultbygningane ligg attmed hallar (s. 142-43), slikt som Eyrbyggja saga skildrar (berre at den vesle bygningen der er bygd saman med hallen).

Den tydelegaste av dei sannsynlege spesialiserte førkristne kultbygningane er likevel større enn dei nemnde, og friståande. Den vart òg utgraven på 1990-talet, i Uppåkra i Skåne, som var eit maktsentrum og eit heilt lite bysamfunn i jernalderen, monaleg større

enn Birka. Ein av bygningane var 13,5 x 6 m, og i bruk både i eldre og yngre jernalder. Det var denne, ”mer än någon annan huslämning som [...] slutligen kunde visa även den mest skeptiska forskare, att kultbyggnader definitivt funnits i Skandinavien under förkristen tid” (s. 147-48). Det som tyder på at dette har vore ein kultbygning, er m.a. funn inne i huset av over 100 gullblekker, ei stor mengd spjutoddar som var bøygde med vilje, typisk behandling av ofra våpen – og stolpehol som var to meter djupe og 80 cm i diameter. Desse måla nemner forfattarane likevel ikkje, merkeleg nok, når dette klårare enn noko anna viser at bygningen var noko for seg sjølv: Folk ville ikkje, med handmakt, ha grave slike hol til takberande stolpar (stavar med mellomalderterminologi), om ikkje bygningen var svært høg. Det er grunn til å tru at bygningen likna ei stavkyrkje og / eller tempelet Adam skildrar i Uppsala.

Vidare er det kapittel med drøfting av kva type ofringar folk kan ha drive med i kulthusa (s. 149-56), av nemningane ”kulthus” og ”tempel” (s. 157-61) og av samhovet mellom religiøse ritual ute og inne. Forfattarane minner om at begge delar har vore vanlege og at det ikkje er nokon motsetnad mellom desse typane av kultstader. Tvert imot har folk ofte bygd kultbygningar på stader som alt i friluft har skilt seg ut som kraftfulle pga. topografien (s. 162-70). Også kristninga blir drøfta i eit eige kapittel (s. 171-77), og om det var eit samband mellom førkristne kultbygningar og stavkyrkjer (s. 178-96). Forfattarane peikar på at samtidig som mange detaljar i stavkyrkjene heilt tydeleg er etterlikningar av konstruksjonsdetaljar i steinkyrkjer, stammar mykje av dekor og ornamet like tydeleg frå heimleg tradisjon. Dei peikar òg på at vi kjenner døme på at kyrkjer er bygde oppå førkristne kultstader; det klåraste dømet er Frösö kyrkje i Jämtland. Pussig nok nemner dei ikkje Mære i Trøndelag, der det er truleg at mellomalderkyrkja er bygd oppå ein førkristen kultbygning. I dette kapitlet kjem det dessverre noko svakt fram at den kanskje viktigaste grunnen til å kople førkristne kultbygningar og stavkyrkjer er stolpehola i Uppåkra.

Boka presenterer eit tema som hentar opplysningar frå mange fag, og ho er skriven for at lesaren skal kunne få fullt utbyte utan å vera ekspert på alle desse faga. Forfattarane forklarar såleis fagnemningar, arkeologiske periodar, språkfamiliegreiner, osb., og gjev heile vegen bakgrunnsinformasjon som set ikkje-eksperten i stand til å forstå framstillinga. Dette er gjort med godt handverk, og resultatet er fin folkeopplysning, t.d. om korleis runeskrifta oppstod (s. 182) og om årringsdatering (dendrokronologi, s. 195). Forskingshistoria som blir presentert er veldig klårgjerande, og ho er balansert framstilt, m.a. slik at vi får veta bakgrunnen for dei ulike syna. Forfattarane er kritiske til hyperkritikken frå 1960-talet og framover, men framstiller ikkje meiningsmotstandarar negativt.

I visse tilfelle ville det gagna framstillinga om forfattarane hadde hatt betre kjennskap til filologi (som s. 159-60), utan at eg har funne direkte feil på det feltet. Temaet i boka blir sett frå arkeologisk synsvinkel, og bygger vesentleg på arkeologisk materiale, men har tekstvitenskapane som støtte. Likevel er dette ei viktig bok også for religionshistorie og norrøn filologi, fyrst og fremst for debatten om metode og kjeldekritikk. Boka viser at det som vart oppfatta som ei sunn kjeldekritisk haldning på 60-, 70- og 80-talet, i røynda var eit meiningslaust langt pendelutslag i retning av mistillit til kjeldetekstane. Den haldninga er no forlaten av dei fleste, men somme held framleis fast ved at dei norrøne tekstane meir

eller mindre berre speglar tida dei vart skrivne i, altså høgmellomalderen, og at dei nær sagt prinsipielt ikkje kan fortelja noko særleg om førkristen tid. Dette synet er det på høg tid å revurdere – utan at vi av den grunn skal bikke tilbake til den kritikkløysa som rådde før 1960-talet. Tilfellet kultbygningar er òg eit interessant døme på korleis nye data kan avgjera ein debatt. I dei historiske tekstvitskapane får vi sjeldan nye data i form av nye tekstar, men heldigvis kan vi få nye data i frå funn i overlappande vitskapar.

Mesteparten av materiale som blir presentert er frå Sverige, ein del frå Danmark. Frå Noreg er det mindre enn frå Tyskland, Polen og Island. Det er synd, men forfattarane har berre litt av skulda for det. Dessverre har norsk religionsarkeologi ikkje klart å skaffe fram så mykje slikt stoff.

Boka er av god teknisk kvalitet, med kvalitetspapir, god trykkkvalitet på illustrasjonane, stive permar, sydd rygg og få tastefeil.

*Eldar Heide, Høgskulen på Vestlandet*

Kaliff, Anders & Julia Mattes.

*Tempel och kulthus i det forna Skandinavien. Myter och arkeologiska fakta.*

Stockholm: Carlsson, 2017. 219 s.

*Tempel och kulthus i det forna Skandinavien: Myter och arkeologiska fakta* är en fin och välskriven bok, författad av de två arkeologerna Anders Kaliff och Julia Mattes. Boken riktar sig främst till en allmän publik och är därför skriven i en populärvetenskaplig stil som inte betungas av inomdisciplinär arkeologisk jargong, nomenklatur och referensapparat. Inte heller avkrävs läsaren större bakgrundskunskaper för att med behållning följa med i en flera tusen år lång resa, som går kors och tvärs mellan olika kulturhistoriska platser i Skandinavien. Några av dessa känner nog de flesta läsare igen, såsom Gamla Uppsala, Tissø och Uppåkra. Men flertalet orter väcker nog associationer främst hos läsare som redan är invigda i arkeologins och den fornnordiska religionsforskningens mysterier. Eller vad sägs om platser som Tustrup, Fräkenrönningen och Turinge (stenålder)? Eller Ringeby, Ryssgårdet och Grydehøj (bronsålder)? Eller Slöinge, Järrestad och Lunda (yngre järnålder)? Eller Urnes, Frösö och Forsby (sen vikingatid–tidig medeltid)?

Boken består av en inledning följt av 19 relativt korta kapitel. Dispositionen är väl avvägd och logiskt uppbyggd, även om kapitlet ”Tempel och kulthus – vad är rätt benämning?” (s. 157-161) möjligen hade fungerat bättre i början av boken istället för i slutet. Likaså förefaller mig kapitlet ”Forntiden i romantiken och populärkulturen – bilder som påverkar” (s. 23-38) vara märkligt insprängt emellan två forskningshistoriska kapitel ”Kultbyggnadernas vara eller icke-vara” (s. 17-22) och ”Kulthusens återkomst” (s. 39-50), vilka dels beskriver hur synen på själva existensen av förkristna skandinaviska kulthus har varierat mellan forskningstrender och akademiska ämnesdiscipliner, dels hur ett antal exploateringsarkeologiska undersökningar under 1980- och 90-talen helt kom att förändra kunskapen om de förkristna kulthusen i Skandinavien. I sig är det insprängda kapitlet ”Forntiden i romantiken och populärkulturen” emellertid mycket

intressant. Alltsedan romantikens dagar, menar författarna, har det funnits en form av cirkulärt utbyte mellan populärkultur och akademisk forskning. Populärkulturen utnyttjar och låter sig inspireras av akademiska rön i sina gestaltningar av forntiden, men den påverkar samtidigt implicit forskarnas egen förförståelse av vad de kan förvänta sig finna i sina källmaterial, varför forskning och populärkultur gemensamt bidrar till att bekräfta varandra.

Boken ramas in av en redogörelse över hur den vikingatida helgedomen i Gamla Uppsala har beskrivits och bedömts under ett millennium. Kaliff & Mattes tar avstamp i den fantasieggande skildring som den tyske kyrkomagistern Adam av Bremen ger av templet, festsalen, högarna, offerlunden och gudastoderna i Ubsola, vidare till Olaus Magnus, Johan Bureus och Olov Rudbeck, för att så nå fram till sentida forskare inom ämnesområden som arkeologi, historia och religionshistoria. På ett lättamt men ändå initierat sätt visar författarna hur synen på den förkristna Uppsala-helgedomen har påverkats av skiftande trender och strömningar som har avlöst varandra och periodvis dominerat frågans ”Stand der Forschung”. Därefter tas läsarna med till en lång rad av platser, fornlämningar och kulturhistoriska epoker i en fascinerande exposé. Vi möter kulthus och megalitgravar bland neolitiska trattbägarfolk, liksom gropkeramiska kulthyddor och heliga hus för stridsyxefolkets dödskult. Vi besöker rituella hägnader, kultbyggnader och sakrala eldsystem bland bronsålderns skandinaver och inte minst den yngre järnålderns och vikingatidens grandiosa festhallar och friliggande helgedomar. Vi ges också en inblick i den arkitektoniska relationen mellan vikingatidens kulthus eller tempel och medeltidens stavkyrkor i trä. Med detta för Kaliff & Mattis så oss tillbaka till Gamla Uppsala och till de akademiska forskartråtor som har stått kring trovärdigheten i Adam av Bremens skildring. De understryker att Adams redogörelse förvisso innehåller flera uppgifter som inte okritiskt kan tas som sanna, men att det, med utgångspunkt i allt som vi idag vet om förkristna kultbruk, helgedomar och festhallar, är svårt att på ett trovärdigt sätt beröva skildringen hela dess värde utan att samtidigt övergå i hyperkritik.

Boken *Tempel och kulthus* är skriven av två författare som helt uppenbart har en glödande kärleksaffär med arkeologin och förhistorien. Att boken har en populärvetenskaplig utformning innebär inte att den inte förtjänar att uppmärksammas även i mer inomvetenskapliga sammanhang. För den akademiske läsare som står utanför de arkeologiska och fornnordistiskt religionshistoriska samfunden, men som på ett lättfattligt sätt önskar bli introducerad i den inhemska religionens historia i Skandinavien, är boken, med all sin empiri, på många sätt en liten guldgruva. Därtill får man som läsare följa författarnas resonemang och förhållningssätt till vissa vetenskapliga problem av mer generell natur.

Förhållandet till källor och källkritik är ett sådant. I forskningen om förkristen religion i Skandinavien har det alltid funnits en strömning bland vissa forskare att uppfatta en studie som desto mer vetenskaplig, ju mer negativ grundinställning forskaren har till materialens potential som religionshistoriska källor. Men, påpekar Kaliff & Mattes, med sådana utgångspunkter riskerar en rimlig källkritik lätt glida över i ett slags hyperkritik, som är lika ovetenskaplig som sin direkta motsats. Osäkerhet i källvärde är ju inte detsamma som att det sagda är osant, enbart för att det inte går att säkert föra i bevis. Ändå har detta förhållningssätt tidvis kommit till uttryck bland vissa forskare

med bakgrund i framför allt historia och arkeologi. Så har till exempel beviskraven ställts avsevärt mycket högre för att tolkningen att en byggnad skulle ha haft en religiös funktion, än för tolkningar av andra typer av hus med icke-religiösa funktioner, fastän de religiösa aspekterna av tillvaron säkert var lika allmänna och självklara för de förkristna skandinaverna som livets andra sidor. Kaliff & Mattes menar här att detta extra beviskrav som ställs på just religiösa tolkningar, förmodligen mer än forntiden speglar dagens sekulariserade värld, i vilken forskaren själv verkar. Onekligen ligger det något i detta och i huvudsak tycker jag att den nivå av källkritik som Kaliff & Mattes argumenterar för är mycket rimlig, även om jag vid enskilda tillfällen och enskilda källor har en annan uppfattning är författarna.

Ett annat område av allmänt teoretiskt/metodologiskt intresse rör möjligheten att förstå vår egen förhistoria med hjälp av interkulturella religions- och kulturhistoriska jämförelser. I till exempel kapitlet "Kulthus, kultplatser och ritualer världen över" (51-67) diskuterar Kaliff & Mattis betydelsen av etnografiska komparationer för vår förståelse av förhistoriska arkeologiska lämningar i Skandinavien. Författarna manar här initialt till försiktighet, men argumenterar ändå för att "sådana inspirationskällor [är] mycket viktiga för arkeologin, ja rentav oundgängliga. Utan dem är vi helt utlämnade till vår fantasi och vår egen tids jämförelseexempel, och detta är knappast bättre" (s. 52). Det senare har författarna naturligtvis rätt i och man drar sig här till minnes hur den gode Max Müller, med inspiration från Goethe, för länge sedan fastslog att "den som känner en religion känner ingen". Samtidigt har den komparativa metoden inom religionsforskningen ifrågasatts allt starkare under senare decennier. Kritikerna har bland annat framhållit att den jämförande forskaren gärna väljer ut de jämförelsematerial som särskilt kan styrka en redan existerande tankefigur. Enligt min mening anar man emellanåt just sådana tendenser även i Tempel och kulthus, emedan författarna däremot i andra sammanhang lägger de jämförande perspektiven på en nivå som jag personligen är mer bekväm med.

När författarna till exempel argumenterar för att just Sydostasien och särskilt Indonesien skulle vara ett lämpligt område för komparativa studier av kulthusen i Skandinavien förhistoria, är frågan om detta jämförelseområde inte i själva verket föredras därför att det kan uppfattas stödja en redan existerande uppfattning hos såväl författarna själva som många andra arkeologer, att kulthusen under neolitikum och bronsålder var centrala arenor för dyrkan av de döda. Just anfäderskulten är ju särskilt framträdande i Sydostasiens inhemska religioner. Men möjligen hade tolkningarna av de skandinaviska kultbyggnaderna blivit annorlunda om istället en annan del av världen hade valts ut som jämförandeområde. Enligt min mening håller författarna däremot en mer rimlig komparativ nivå i till exempel kapitlet "Klanger från forntiden" (s. 117-123). På flera kultplatser eller "rituella områden" från framför allt bronsåldern påträffas så kallade klangstenar, alltså stenblock som ger ljudresonans när de slås på. Intill eller på dessa klangstenar kan också förekomma till exempel skålgropar, spår efter eldande, keramik samt brända och obrända ben. Den sammanlagda kontexten indikerar att klangstenarna har haft något slags betydelse i kulten. Men vilken betydelse då? Olika arkeologer har knutit dem till exempelvis naturanimism, anfäderskult och shamanism. Kaliff & Mattis manar till ett mer nyanserat förhållningssätt. De framhåller att den kultisk-religiösa tolkningen av klangstenarna i bronsålderns Skandinavien får stöd av att liknande klangstenar även

har (haft) stor kultisk-religiös betydelse bland andra folk. Samtidigt påpekar de att de etnografiskt belagda bruken av klangstenar förekommer i så många varierande kultisk-religiösa sammanhang, att det komparativa materialet inte kan ligga till grund för några mer detaljerade slutsatser om klangstenarnas exakta funktion(er) för t.ex. bronsålderns skandinaver.

Just den jämförande metoden har en inte oväsentlig betydelse för Kaliffs & Mattes diskussioner i Tempel och kulthus. I övrigt är de metodologiska diskussionerna ganska nedtonade i boken, som ju primärt utgör en empirisk exposé för en populärvetenskapligt intresserad allmänhet. För denna målgrupp, men också för den allmänintresserade akademikern utanför de arkeologiska och fornnordistiska facken, torde Kaliffs & Mattes fina och lättillgängliga sammanställning av empiriskt material i kombination med författarnas medryckande berättarstil vara skäl nog för att uppskatta Tempel och kulthus. För min egen del fångas jag emellertid även starkt av en annan aspekt, nämligen hur tydligt det framträder i boken vilken fullständigt fundamental betydelse som den framför allt svenska exploateringsarkeologin har haft för vår kumulativa kunskapsuppbyggnad om förkristen religion i allmänhet och förkristna kultbyggnader i synnerhet.

Själva debatten om förhistoriska kulthus är gammal. Men utgångspunkten för dessa diskussioner var länge framför allt vissa förkristna ortnamn med namnelement som kan indikera kultbyggnader (som till exempel hov och sala, fornvästnordiska nom. sing. hof, salr), samt vissa litterära källor om Skandinavien förkristna religion som beskriver byggnader med särskilda religiösa funktioner. Uppfattningarna om hur dessa uppgifter ska bedömas har varierat kraftigt mellan forskare, forskningsdiscipliner och vetenskapliga modeströmningar. Särskilt kom den danske arkeologen Olav Olsen att få ett stort inflytande på debatten med sin doktorsavhandling Hørg, hov og kirke (1966). Olsens åsikt var att de förkristna skandinaverna helt måste ha saknat kulthus, eftersom inga sådana, enligt honom själv, säkert kunde beläggas i Skandinavien. Trots att Olsens argument gränsade till hyperkritik, kom han att initiera en trend som varade åtminstone in i slutet av 1980-talet. Som läsare av facket kan man inte helt förvånad konstatera att Olsens inflytande på debatten även speglar en mer allmän trend under samma period, där såväl arkeologer och historiker som filologer, ortnamnsforskare och folklorister mer eller mindre ifrågasatte möjligheten att över huvud taget studera förkristen religion i sina respektive ämnens primära källmaterial. Det var framför allt religionshistoriker inom det fornnordiska fältet – vilka i och för sig varken då eller senare har varit särskilt många – som även under denna period av 1900-talet försvarade de förkristna kultbyggnadernas existens. (Därför är det lite olyckligt att Kaliff & Mattes i just detta sammanhang på s. 19 felaktigt presenterar Olav Olsen som en norsk religionshistoriker. Olsen var en dansk arkeolog, vilket författarna korrekt uppger i en annan del av boken). Först under slutet av 1980-talet och under 1990-talet tvingade en rad exploateringsarkeologiska resultat från framför allt Sverige fram en förnyad diskussion om kultbyggnadernas vara eller icke-vara. En av författarna till Tempel och kulthus, Anders Kaliff, ledde för övrigt själv några av dessa banbrytande undersökningar.

Sverige har en unik kulturminneslag, som bl.a. fastslår att alla kända (och i samband med exploatering nyupptäckta) fornlämningar omfattas av ett principiellt skydd mot överkan. Undantag från detta skydd kan dock göras för markexploateringar

av samhällsintresse, om aktuell exploatör förbinder sig att bekosta arkeologiska undersökningar av alla berörda fornlämningar. Således är det i grunden framför att markexploateringar i samband med byggnation av till exempel köpcentra, industri- och bostadsområden, järnvägssträckningar och motorvägar som bidragit till vår arkeologiska kunskapstillväxt. Den föreliggande boken är till stor del en resa i dessa arkeologiska exploateringsgrävningars spår. Ännu under början av 1970-talet, påminner oss Kaliff & Mattis, var vår kunskap om den förhistoriska bebyggelsen i Sverige mycket liten. Till stor del berodde det på att arkeologer länge bara undersökte lämningar som var synliga på markytan eller var kända från äldre rannsakingar och inventeringar. Ett avgörande trendbrott kom när arkeologer med hjälp av grävmaskiner började bana av torv och matjordslager från hela de fornlämningsområden som var föremål för exploatering. Härigenom exponerades stolphål, väggrännor, hyddbottnar, stengrunder, syllstenar, trampade golvlager och mycket annat, som kunde berätta om äldre tiders bosättningsmönster. Arkeologerna kunde nu identifiera lämningar efter en rad olika hustyper, från enkla mesolitiska hyddor till grandiosa vikingatida festhallar och medeltida syllstenshus. Och med den ökade kunskapen om den förhistoriska gårdsbebyggelsen följde också möjligheten att identifiera hus och byggnader med mer specialiserade funktioner. På 1980-talet gav sig de första kulthusen från yngre bronsålder tillkänna i de arkeologiska undersökningarna, liksom yngre järnålderns stora ceremoniella hallar. På 1990-talet började arkeologerna också identifiera ett slags kulthus på större gårdar från yngre järnåldern och under 2000-talet har även flera helt friliggande kultplatser och kultbyggnader varit föremål för arkeologiska undersökningar. Möjligen är det min egen dubbla bakgrund i både religionshistoria och arkeologi som påverkar mig, men när jag läser Tempel och kulthus kan jag inte undgå att fascineras av hur helt avgörande exploateringsarkeologin – med dess metodologiska utveckling i fält och laboratorium, samt inte minst enskilda fältarkeologers personliga intuition – har varit för de senaste decenniernas stora kunskapsprång om förkristna kultbyggnader och heliga platser. Utan denna exploateringsarkeologiska utveckling hade den föreliggande boken inte kunnat skrivas.

Tempel och kulthus är en väl läsvärd bok även för den som inte primärt har det förkristna Skandinaviens kultur och religion som sitt främsta intresse. Dessutom: I en tid då forskare påläggs ansvar för den tredje uppgiften, men den tredje uppgiften saknar värde som akademisk meritering, är den här boken av Anders Kaliff och Julia Mattes rentav en liten kulturgärning.

*Andreas Nordberg, Stockholms universitet*